



Sjukekorga var viktig i all sjuketransport fram til vi fekk Røde Kors og sjukebil i Kvinnherad på 1960 talet.

**Sjukekorga vart brukt til transport av sjuke ved sending til sjukehus. Sjukekorga var lagra på Skulehuslemen og helselega hadde ein ansvar å sjå til at alt var på plass med madrass og sengkledde. Ei av dei to sjukekorgene i Uskedalen er tekne vare på og sikra for framtida. Sjukekorga vert synt fram på jubileumsfesten til Uskedal helselag i helga.**

Helselega i Kvinnherad fekk ei viktig oppgåve, særleg i kampen mot tuberkulosen i åra etter 1900. Tjerand Lunde skriv i ein artikkel i Kvinnhersminne 2003 at fyrst ute var Valen og Halsnøy med helselag skipa i 1916. Rosendal og Uskedal skipa sine helselag alt året etter, i 1917. Erling Vaage skriv rett nok i Kvinnherad 1 at det vart skipa eit Kvinnherad helselag i 1917 med arbeidsområde Løfallstrand t.o.m Uskedalen. Kvar bygd hadde ein medlem i styret. Distriktslegen og soknepresten var sjølvskrivne medlemmer. Seinare kom det helselag i dei fleste bygdene.

Helselega har saman med det offentlege helsevesenet gjort eit stort arbeid for å auka kunnskapen og forståinga for førebyggjande helsearbeid. I dag snakkar alle om god folkehelse. Når alt kjem til alt handlar det om god psykisk og fysisk helse og sosial tilpassing. Her vil helselega ha ei viktig oppgåve i åra framover.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal